



MØTEPROTOKOLL

| | |
|---------------|---------------------------------|
| Utval: | Komite for oppvekst |
| Stad: | Herøy rådhus, Formannskapssalen |
| Dato: | 22.03.2017 |
| Tid: | 14:30 - 17:00 |

Medlemer som møtte:

| | | |
|-------------------------|-----------|-----|
| Birgitte Sævik Pedersen | Leder | KRF |
| Edel Kvalsund Goksøyr | Medlem | KRF |
| Jan Arve Drabløs | Medlem | H |
| Oddmund Voldsund | Medlem | H |
| Rakel Anett Gjølseth | Nestleder | AP |
| Jarle Digernes | Medlem | AP |

Forfall:

| | | |
|------------------|------|---------|
| Paul Johan Remøy | MEDL | FOLK/SP |
|------------------|------|---------|

Varamedlemer som møtte:

| | | |
|--|--|--|
| | | |
|--|--|--|

Andre:

Planleggar Tanja Rafteseth orienterte om trafikktryggingstiltak.
Kommunalsjef oppvekst Sølvi L. Remøy orienterte om lærartettleik og ressursfordeling, miljøarbeid ved YHU, godkjenningsprosedyre for lærarar som søker vidareutdanning, ny organisasjonmodell og miljøtiltak i Herøyskulen

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Edel Kvalsund Goksøyr og Jarle Digernes

Drøftingar:

Komiteen drøfta trafikktryggingssplanen og kom med slik uttale:

Handlingsplan 1: Større fysiske tiltak langs kommune . og fylkesveggar

Komite for oppvekst bed om at Leine - Remøyholm FV 18 vert flytta opp til pri.nr.2 på handlingsplanen. Denne strekinga er svært farleg med tanke på smal veg utan glidekantar som sikrar den bratte skråninga mot sjøen. Det er skulevegen til alle borna frå Runde, Remøy og Voldsund. Det skjer

nestenulykker om lag kvar dag. Ei ulukke med skulebussen kan bli katastrofal. Vegen har vore flytta på prioriteringslista i mange år og det er no på tide å få noko gjort. Med tanke på at også Remøybrua står for utskifting er det viktig at vegen er utbetra når bygginga startar. Om ikkje vil strekninga bli endå farlegare med anleggstrafikk dagleg.

Komite for oppvekst ser det som positivt at trafikktrygging på Nerlandsøy frå Teigane til skulen er teke med i handlingsplanen.

Handlingsplan 2: Mindre fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar

Skuleområdet Bergsøy. Komite for oppvekst bed om at det vert vurdert å utvide vegen rundt bakketoppen ved Bergsøy skule, Borga. Dette for å gjere det meir oversiktleg for bilar og fotgjengarar.

Handlingsplan 3: Små fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar

Belysning busslomme Sævikane og busskur bedehuset. Komite for oppvekst bed om at det vert ordna med belysning i tilknytning til busstoppa på begge sider av vegen ved Sævik-tunellen. Dette er eit punkt med lite oversikt og det er vanskeleg for bilistar som kjem frå Runde å sjå dei mjuke trafikantane.

I tillegg ønskjer komite for oppvekst at det vert sett i gong tiltak for å betre trafikksituasjonen ved kyrkja. Ved vegbana i krysset ved kyrkja, på høgre side når ein kjem frå Fosnavåg er det eit lita veglomme. Denne vert nytta som busstopp, utan at det er merka som eit. Dette lagar eit vanskeleg trafikkbilete både for bilar og mjuke trafikantar. Det er ofte elevar frå vidaregåande skule som står her for å ta bussen. Dersom alle bussane hadde hatt fast stopp ved kulturhuset og ikkje ved kyrkjekrysset, ville det ha vore mykje tryggare.

Edel Kvalsund Goksøy

Birgitte S. Pedersen

Jarle Digernes

underskrifter

SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|----------|---------------------------------------|
| PS 8/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 9/17 | Protokoll frå førre møte |
| PS 10/17 | Årsplan 2017 |

Til orientering/drøfting:

- Trafikktryggingsplan - høyring
- Oversikt over lærartettleik og ressursfordeling - informasjon
- Miljøarbeid ved YHU - erfaringar så langt
- Godkjenningsprosedyrer for lærarar som søker vidareutdanning -informasjon
- Ny organisasjonsmodell - informasjon
- Miljøtiltak i Herøyskulen - informasjon

PS 8/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Merknad til innkallinga: lenkje til trafikktryggingsplanen kunne ikkje opnast.

Ingen hadde merknader til sakliste.

PS 9/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 10/17 ÅRSPLAN 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 22.03.2017

1. Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2017 slik han ligg føre.
2. Kommunestyret ber om at budsjetttrudskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.
3. Kommunestyret er klar over at arbeidssituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon.

MØTET SLUTT!